

Stig Olsen  
Kjedalen 20 B  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2411 - 21/21605

Saksbehandlar:  
Christine Erichsen  
christine.erichsen@alver.kommune.no

Dato:  
29.03.2021

## Foreløpig svar - gbnr 310/185 Holme

Tiltak: utvide terrasse  
Byggjestad: Gbnr: 310/185  
Tiltakshavar: Stig Olsen  
Ansvarleg søker: Stig Olsen

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad og saka har saksnummer 21/2411.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter.

Vi ber om at vedlagte kart blir oppdatert med mål på tiltaket, og avstand til nabogrense. Ettersom tiltaket skal plasserast nærmere nabogrensa enn 4 meter, må det sendast inn erklæring som viser at eigar av naboeigedommen samtykker til omsøkt plassering. Vi ber om at dette vert sendt inn innan **26.04.2021**.

Hovudregelen er at tidsfristane skal holdast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf.	12 veker

plan- og bygningslova § 21-5.	
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboor /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboor/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

### Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. tbl § 21-8.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Christine Erichsen  
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### Vedlegg:

Situasjonskart - GBNR 310\_185 Holme

### Mottakarar:

Stig Olsen

Kjedalen 20 B

5918 FREKHAUG